



MASTERPLAN

FOR REISEMÅLET SOGN

INNHALD

DEL 1 - STRATEGI

1.1	Om masterplanen	7
1.2	Kvifor masterplan?	8
1.3	Visjon og misjon	9
1.4	Verdiar	10
1.5	Posisjon	11
1.6	Kva skal me oppnå - overordna mål	12
1.7	Vegen til målet - prioriterte strategiar	13
1.8	Vidare organisering	14



DEL 2 - STRATEGISKE INNSATSOMRÅDER

Strategi	Utvikle fellesressursane	
2.1.1	Utvikle og forvalte naturen	18
2.1.2	Utvikle og forvalte kulturverdiane	20
2.1.3	Offentleg infrastruktur	22
2.1.4	Datadriven forvaltning og utvikling	26

Strategi	Utvikle næringa	
2.2.1	Bedrifts- og aktørutvikling	28
2.2.2	Mat og drikke	32

Strategi	Utvikle verktøya og rammene	
2.3.1	Forvalte statusen som bærekraftig reisemål	34
2.3.2	Teknologi og digitalisering	38
2.3.3	Kompetanse	40
2.3.4	Organisering, samarbeid og påverknad	42
2.3.5	Marknadsføring og sal	44

DEL 3 - HANDLINGSPROGRAM

Handling	Utvilke fellesressursane	
3.1.1		

Handling	Utvilke næringa	
3.2.1		

Handling	Utvilke verktøya og rammene	
3.3.1		



Sogn som reisemål mot 2030

Masterplan for reisemålet Sogn er det overordna styringsdokumentet for arbeidet med å utvikle reisemålet for framtida.

Masterplan for reisemålet Sogn er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag av Sogn regionråd frå 2017 - 2021 med finansiering frå Innovasjon Norge, Sogn Regionråd og Visit Sognefjord.

Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål er gjort samtidig.

I forprosjektet utvikla Menon Economics statusanalyse for Sogn som reisemål, og InFuture var ansvarleg for strategiprosessane i hovudprosjektet med djubdeintervju av næringsaktørar og samarbeidspartnerar og møter med ressursgruppene i alle medlemskommunane.

Revidert forretningsplan for Visit Sognefjord vart gjort parallelt med masterplanarbeidet. Prosjektansvarleg har vore Sogn regionråd med styret i Visit Sognefjord som styringsgruppe utvida med representantar frå Innovasjon Norge, Nærøfjorden Verdsarvpark og Sogn regionråd.

Visit Sognefjord v/Ståle Brandshaug har vore prosjektleiar, med innleige av Synnøve Aabrekk, Joakim Systaddal og Helene Maristuen.

Sogndal 8. desember 2021

Terje Kjørnes, leiar

May-Lene Lunden

Siri Dalehaug

Trygve Skjerdal

John Emil Myhre

Line Bjelde

Øivind Wigand

Trine Grøtnebø

Bård Huseby

Åslaug Hansegård

Erling Opheim

Hilmar Høl

Inger Merete Øygard,
observatør





Del 1 Strategi



Masterplan for reisemålet Sogn er det overordna styringsdokumentet for arbeidet med å utvikle reisemålet.

1.1 Om masterplanen

Planen har tre delar: **Strategi, strategiske innsatsområde og tiltaksplanar.** Realiseringa av planen vil berre lukkast gjennom eit forpliktande partnerskap mellom kommunane, fylkes-kommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og reisemålsselskapet.

Planen er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag frå Sogn Regionråd. Planarbeidet er gjennomført i samsvar med rettleiaren til Innovasjon Noreg, som òg har vore med å finansiert arbeidet.

Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål er gjort samstundes. Planprosessen har følgd tre steg: Forstudie, strategiutvikling og frå ord til handling, med oppstart av analysearbeidet i 2017 og vedtak av ferdig plan i 2021.

Meir informasjon om prosessen og arbeidet med planen finst i vedlegga til plandokumentet.



Realiseringa av planen vil berre lukkast gjennom eit forpliktande partnerskap mellom kommunane, fylkeskommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og reisemålsselskapet.

1.2 Kvifor masterplan



Intensjonen med planen er å forvalte og styrke reisemålet Sogn til det beste for lokalsamfunnet, miljøet og dei besøkande ved å utvikle eit berekraftig reisemål som skapar livsgrunnlag for framtidige generasjonar.

Masterplanen skal vere Sogn sin fremste reiskap for å leve opp til denne intensjonen.

For å oppnå dette skal Sogn utvikle opplevingar, tenestetilbod og infrastruktur som gjer at Sognefjord står fram som eit attraktivt reisemål i verdsklasse og ein god stad å bu. Gjennom reiselivssatsinga skal både næringa og lokalsamfunna bli meir berekraftig ved å bidra til auka verdiskaping, sterkare miljøfokus og betre samfunnsutvikling knytt til reiselivet i heile Sogn heile året

Planen legg FN sine berekraftsmål til grunn, og byggjer på Innovasjon Norge og NHO reiseliv sin tilpassing av UNWTO sine prinsipp for berekraftig reiseliv:

«Berekraftig reiseliv tek vare på natur- og kulturverdiane våre, styrkar dei sosiale verdiane og får fram stoltheita i lokalsamfunna våre, utviklar nye arbeidsplassar og sikrar ei verdiskaping som gjer reiselivsnæringa økonomisk levedyktig.»



1.3 Visjon & Misjon

Reisemålet Sogn skal utviklast etter visjonen Heile Sogn. Heilt ekte. Heile året.

Heile Sogn

Syte for at alle delar av Sogn vert utvikla på stadane sine eigne premiss, og syne fram breidda av aktivitetar, tilbod og ulike stadar. Dyrke ulikskapen innanfor det me har felles, og eige region på korleis utviklinga skal vere.

Heilt ekte

Bygge reiselivet på naturverdiane, kulturhistoria og menneska som bur her sine premiss. Få fram livet i Sogn slik det faktisk er og har vore, og utvikle reiselivet i tråd med korleis me vil at det skal vere i framtida. Bygge opp under ei balansert samfunnsutvikling, som forvaltar ressursane på ein klok måte og som får fram det særeigne i kvar einskild bygd og bedrift.

Heile året

Skape eit reiseliv som gjev stabile heilårs arbeidsplassar, som i neste omgang skapar nye innbyggjarar i lokalsamfunna, lønsame bedrifter som evnar å investere i vidare utvikling og som bidreg til å halde opp ei levande handels- og servicenæring i lokalsamfunna. Utvikle produkt og tenester som gjev jamn besøkmengd tilpassa stadane si tåleevne heile året, og som gjev dei besøkande gode kvalitetsopplevingar tilpassa årstidene.



**Heile Sogn. Heilt ekte.
Heile året.**





Mangfaldig

Sterke på involvering og breidde

HEILE SOGN

Stolt

Sterke på formidling av natur, kultur og historie

HEILT EKTE

Inkluderande

Sterke på vertskapsrolla og samhandling

HEILE ÅRET



1.5 Posisjon



Sogn skal vere det fremste reisemålet som utvikler reiselivsnæringa på lokalsamfunna, naturen og kulturhistoria sine premiss.

Det skal ein gjere gjennom å involvere lokalsamfunna i utviklingsarbeidet, og bidra til å fremje kunnskap om naturmangfald og kulturarv. Posisjonen skal fremjast gjennom tre prinsipp

Ta i bruk heile Sogn

- Syte for at reiselivet bidreg til utvikling av gode lokalsamfunn
- Vere proaktiv på tilrettelegging og infrastrukturiltak

Vere heilt ekte

- Gjere formidling ein viktig del av vertskapsrolla
- Drive systematisk kvalitetsutvikling av opplevingane

Vere open heile året

- Satse på heilårsaktivitetar og -tilbod i utviklingsarbeidet
- Syte for å ha infrastruktur tilpassa alle årstidene

Sogn skal stå fram som eit av dei fremste reisemåla i verda og "indrefiletten" av det norske fjordlandskapet med utgangspunkt i nokre av dei vakraste natur- og kulturlandskapa i verda, tettleiken av levande fjordbygder og mangfaldet av aktivitetar, UNESCO verdsarven, nasjonalparkane, den lengste fjorden, den største breen, dei høgste fjella og dei fremste attraksjonane som mellom anna stavkyrkjene, Flåmsbana og dei nasjonale turistvegane.



Sogn skal stå fram som eit av dei fremste reisemåla i verda og det beste av norsk fjordlandskap





1.6 Kva me skal oppnå - overordna mål

Reisemålet Sogn skal utviklast innanfor rammene av desse overordna måla:

VERDISKAPING

Syssettinga og verdiskapinga i reiselivet aukar med minst 5% i året i perioden, og reiselivet er av dei fem viktigaste næringane i alle fjordbygdene i Sogn mål i syssetting og omsetning.

BESØKSFORVALTNING

Det er etablert definerte tålegrensar for besøk og system for besøksforvaltning og trafikkstyring for heile regionen.

MILJØ

Sogn er best i verda på lokalsamfunns- og naturbasert reiseliv. Klimautsleppa frå reiselivet i Sogn skal reduserast med 50% innan 2030.

DIGITALISERING

Reisemålet Sogn er fremst i verda på å bruke digitale løysingar og ny og nyttig teknologi

KVALITET

Det er utvikla forpliktande kvalitetsprogram for alle ledd i reiselivet

OMSETNING

Den svakaste månaden skal vere minst 50% av den sterkaste månaden målt i tal besøkande og omsetnad, og forbruket per gjest skal auke med minst 25% innan 2030.

1.7 Vegen til målet - prioriterte strategiar

For å nå dei overordna måla må det etablerast forpliktande partnerskap mellom dei ulike aktørane som til saman utgjer reisemålet Sogn.

Masterplanen peikar på tre prioriterte strategiar, som på kvar sitt vis bidreg til å nå måla:

1. UTVIKLE FELLESRESSURSANE

A: Natur	Ta vare på sårbar natur, og jobbe systematisk med styrt tilrettelegging gjennom kommunale planar i tråd med forvaltningsplanar og besøksstrategiar for verneområda
B: Kultur	Løfte fram og utvikle kulturverdiane i heile regionen
C: Infrastruktur	Utvikle infrastruktur som aukar opplevingsverdien, tek vare på lokalsamfunna og naturen og som gjev inntekter som kan reinvestereast i meir infrastruktur
D: Datadreven forvaltning	Ta eigarskap til korleis Sogn skal eige og bruke data

2. UTVIKLE NÆRINGA

A: Næringa	Målretta utviklingsprogram for aktivitetar, attraksjonar og overnatting
B: Mat og drikke	Sette i system og løfte opp eit samanhengande arbeid med mat- og drikkeregionen Sogn

3. UTVIKLE VERKTØYA OG RAMMENE

A: Miljø	Forvalte statusen som berekraftig reisemål og sertifisere næringa og kommunane
B: Kompetanse	Legge til rette for kontinuerleg kompetanseheving for aktørane i reiselivet
C: Teknologi	Ta tidleg i bruk ny teknologi som er nyttig for reisemålet
D: Samhandling og påverknad	Syte for at reiselivet i Sogn er med å sette nasjonal dagsorden på reiselivsutvikling gjennom sterkt regionalt samarbeid, nyttig forskings- og utviklingsaktivitet og strategisk politisk verksemd
E: Profilering, marknadsføring og sal	Vere i front på å ta i bruk nye metodar for marknadsføring og sal, og forvalte ein tydeleg profil og ei sterk merkevare for Sogn



1.8 Vidare organisering



Dei overordna føringane frå denne delen av planen skal nyttast inn i neste fase, som skal ta planen frå ord til handling.

Styringsgruppa for masterplanen skal tene som styringsgruppe også for dette arbeidet, og det skal etablerast ressurs- og arbeidsgrupper etter behov for å sikre brei forankring og deltaking frå aktørane i reiselivet.

For å lukkast med realiseringa skal det utarbeidast konkrete tiltaksplanar, der dei involverte aktørane forpliktar seg gjennom partnerskapsavtalar. Sogn Regionråd og Visit Sognefjord har eit særleg ansvar for å sikre at planen vert gjennomført, og at arbeidet har tilstrekkeleg prioritet og ressursar.



For å lukkast med realiseringa skal det utarbeidast konkrete tiltaksplanar, der dei involverte aktørane forpliktar seg gjennom partnerskapsavtalar.





Del 2

Strategiske innsatsområde

I denne delen tek planen for seg korleis dei ulike prioriterte strategiane skal konkretiserast og realiserast. Planen tek utgangspunkt i dei tre overordna strategiane, og beskriv kvar delstrategi med hovudaktivitetar som i neste omgang skal skape grunnlag for forpliktande tiltaksplanar og partnerskapsavtalar mellom dei involverte aktørane.

Strategiane med tilhøyrande delstrategiar skal gjelde for heile planperioden, medan hovudaktivitetane og tiltaka vil bli gjennomført på ulike tidspunkt.

Kvar strategi vert i denne delen beskrive nærare, og det vert peika på relevante utfordringar og moglegheiter som er henta frå kunnskapsgrunnlaget og innspela frå arbeidet med planen, i tillegg til effektmål, resultatmål og overordna mål for den enkelte delstrategien. Slik vert føringane frå del 1 brotne ned og gjort konkrete.

I tabellane per delstrategi vert det føreslått hovudaktivitetar med aktuelle tiltaksområde og ansvarleg som skal gje grunnlag for prioriterte satsingar i tiltaksplanane i del 3.

Desse hovudaktivitetane skal som utgangspunkt gjelde for heile planperioden, medan tiltaka vil bli rullerte undervegs.

Mål, strategiar og tiltak må tilpassast dei einiskilde stadene i Sogn, og det bør lagast lokale strategiske tiltaksplanar for reiselivet per stad med bakgrunn i masterplanen og lokale utfordringar og moglegheiter.

I dette arbeidet bør ein sjå til dei andre stadene i- og utanfor Sogn.

Tabellane ser slik ut:

	HA1	HA2	HA3
Innsatsområde			
Resultat	Kva skal me oppnå?		
Tiltaksområde	Aktuelle tiltaksområde til del 3		
Ansvar og deltakarar	Kven har ansvaret?		

Ansvar og deltakarar

VS: Visit Sognefjord

K: Kommunane

N: Næringa

FK: Fylkeskommunen

FV: Forvaltningsorganisasjonane¹

FR: Frivillig sektor/stiftingar

Merkinga under tiltaksområda i tabellane som t.d. B2, B4 og C4-1 syner til kriteriane i Innovasjon Norge sin Standard for Bærekraftig reisemål - Kriterier og indikatorer, versjon 2.0 per 04.07.2017

¹: Nærøfjorden verneområdestyre og Stolsheimen verneområdestyre, Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Jostedalbreen nasjonalparkstyre, Breheimen nasjonalparkstyre og Statsforvalteren i Vestland

2.1.1 Delstrategi - Utvikle og forvalte naturen

Overordna mål

Ta vare på sårbar natur, og jobbe systematisk med styrt tilrettelegging gjennom kommunale planar, i tråd med forvaltningsplan og besøksstrategi for verneområda i Jotunheimen og Utladalen, Nærøyfjordområdet, Stølsheimen, Breheimen og Jostedalbreen og gjennom partnerskapsarbeid.

Utfordringar

- Manglande tilrettelegging for ferdsel skapar unødig slitasje på naturen
- Mangel på trafikkstyring skapar logistikkutfordringar på enkeltpunkt og for låg trafikk på andre
- Fråvær av infrastruktur og kommersielle aktørar gjev lite midlar til å drive vidareutvikling og tilrettelegging

Effektmål

- Verdiskapinga basert på naturressursane har auka
- Trafikken er spreidd ut over regionen
- Trafikkstyring med særleg vekt på å unngå ferdsel i sårbare naturområde med vekt på naturtypar og artar.
- Belastninga på naturen er mindre på grunn av betre tilrettelegging
- God informasjon gjev betre opplevingar
- Konfliktpotensialet mellom ulike interesser er redusert

Moglegheiter

- Utvikle standardar for tilrettelegging og merking av naturområde og interessepunkt for Sogn
- Etablere trafikkstyringssystem for bruk av naturen
- Etablere god infrastruktur og informasjonsløysingar for bruk av naturen

HA 1

Besøksforvaltning

Resultat	Sogn får gode skussmål i årsrapporten til verneområda og verdsarvparken	Eit saman-hengande stinett i heile Sogn som er bygd etter gjeldande standard for god tilrettelegging, og i størst mogeleg grad med universell utforming	Alle stiar og løyper gjev god og grundig informasjon om sårbar natur i det aktuelle området, og om gjeldande reglar for skånsom ferdsel
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere faste møteplassar mellom kommunane, næringa, reisemålsselskapet og forvaltninga • Lage regional plan for besøksforvaltning av reisemålet Sogn • Definere tålegrensar og etablere målesystem • Etablere regionalt friluftsråd i Sogn • C3-2 og 3-3: utvikle oversikt og plan(ar) for formidling og bruk av viktige naturområde for reiselivet som minimerer uønska belastning frå besøkande 	<ul style="list-style-type: none"> • Lage masterplan for utvikling av heilårs løypenett for kvar kommune i Sogn • Etablere standard for best practice for bruk i den enkelte kommune • Ta med ulike brukargrupper i arbeidet for å sikre tilrettelegging for flest mogleg • Vurdere organisering av arbeidet med sti- og løypeutviklingsarbeidet, og følgje opp konklusjonane 	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere organisering av informasjonsarbeidet knytt til sårbar natur og skånsom ferdsel, og følgje opp konklusjonane • Utarbeide standardar og malar • Syte for at informasjon vert gjeven ved løypene og digitalt
Ansvar & deltakarar	Ansvar: VS Deltakarar: N, K, FV, FK	Ansvar: VS Deltakarar: FV, K	Ansvar: VS Deltakarar: FV, K, FK

HA 2

Utvikle det tilrettelagde turstinettet i Sogn

HA 3

Gje informasjon om sårbar natur og lage reglar for skånsom ferdsel

2.1.2 Delstrategi - Utvikle og forvalte kulturverdiane

Overordna mål

Kartlegge, løfte fram, ta vare på og utvikle kulturverdiane i heile Sogn som ressurs for reiselivsutviklinga.

Utfordringar

- Kulturminna manglar midlar til å bli sett i stand, tekne vare på og formidla til publikum
- Det er i for liten grad skapt gode koplingar mellom reiseliv og kultur
- Den immaterielle kulturarven i liten grad gjort tilgjengeleg og helde i hevd

Effektmål

- Auka merksemd rundt den lokale materielle og immaterielle kulturarven
- Sogn er eit anerkjent reisemål for kulturopplevingar
- Verne- og restaureringsarbeidet vert styrka gjennom auka tilrettelegging, bruk og inntekter

Moglegheiter

- Ta i bruk og løfte fram kultur som attraksjonsfaktor i reiselivet
- Nytte materiell og immateriell kultur og kulturminne som base for å skape nye reiselivsprodukt
- Utvikle og forvalte identiteten og profilen til Sogn, og bruke den i produktutvikling og marknadsføring

HA 1

Kartlegging

Resultat	HA 1	HA 2	HA 3
	Gjennomarbeid kunnskapsgrunnlag som beskriv status og omfang av kulturressursar i Sogn	Ferdig utarbeidde besøksforvaltningsplanar for alle stadar og område der det er relevant.	Etablert plan og organisering for regional utvikling av kulturturnæring, og gjennomført planlagde prosjekt.
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • Bestille statusrapport som dekker heile Sogn • Vurdere oppfølging basert på kunnskapsgrunnlaget, og følge opp konklusjonane 	<ul style="list-style-type: none"> • Avklare status og behov for nye og/ eller oppdaterte planar • Utarbeide besøksforvaltningsplanar, og arbeidsgrupper mellom dei som jobbar med desse • Ta i bruk verktøya knytt til fellesgodefinansiering som til ei kvar tid er tilgjengelege 	<ul style="list-style-type: none"> • C1-1 og 2: utvikle plan for formidling og aktiv bruk av materiell- og immateriell kultur og kulturarv, og avklare organisering og følge opp konklusjonane • Vurdere og avklare organisering og følge opp konklusjonane • Etablere faste møteplassar mellom næringa, frivillige, forvaltarar, kommunane og fylkeskommunen • Sette kurs og kompetansehevingsarbeidet i system • Gjennomføre årleg fagseminar om kulturturnæring med nasjonal målgruppe
Ansvar & deltakarar	Ansvar: K Deltakarar: VS, FK, FV, N, FR	Ansvar: N/FV Deltakarar: VS, K, FK, FR	Ansvar: K/VS Deltakarar: N,FR

HA 2

Vern gjennom bruk

HA 3

Organisere utviklingsarbeidet i grensesnittet mellom kultur og næring

2.1.3 Delstrategi - Offentleg infrastruktur

Overordna mål

Etablere ein samanhengande infrastruktur for besøkande og fastbuande som bidreg til ei god oppleving av staden.

Utfordringar

- Tilreisande skapar press på den offentlege infrastrukturen for parkering, skilting, toalett, renovasjon, vegstrukturar og ikkje-kommersiell overnatting
- Infrastrukturutviklinga krev samhandling og organisering på tvers av kommune-grensene med tydeleg forankring i kommuneplanane og avklaring av drift og administrasjon
- Rutenettet for offentlig transport i regionen er trua av reduksjon og endringar i tilbodet

Effekt mål

Auka status og attraktivitet som reisemål og buområde med betre lokal og regional informasjon, offentlig servicetilbod og transport til gode for tilreisande og fastbuande.

Det vert teke omsyn til landskapets fysiske og visuelle integritet ved gjennomføring av bygg- og anleggstiltak Det vert teke omsyn til landskapets fysiske og visuelle integritet ved gjennomføring av bygg- og anleggstiltak.

Moglegheiter

- Gi Sogn ein sterk posisjon som tilrettelagt reisemål ved utvikling- og tilrettelegging av servicetilboda, infrastruktur og transportløyningane med reduserte konflikter knytt til naturmangfald og grunneigarinteresser
- Ta posisjon på nye løysingar for fellesgodeforvaltning og -finansiering kan gi betydelege inntekter for vidare infrastrukturutvikling
- Nytte ny teknologi og endra reiseåtferd i arbeidet med å utvikle reiselivet i Sogn



HA 1

Rutetilbod og mobilitet

HA 2

Informasjon og booking

HA 3

Tilrettelegging av vegnett, hamner og lufthamn

HA 4

Lokal og regional infrastruktur og lokalsamfunnsutvikling

HA 5

Beredskap

Resultat	Betre offentleg og kommersielt rutetilbod, rutekoplingar og miljøvennlege mobilitetsløysingar med universell utforming i heile Sogn	Felles forenkla informasjon og booking.	Betre vegnett og regularitet heile året, betre og meir berekraftige hamner og lufthamn		Betre lokalsamfunn og infrastruktur i natur- og kulturområde for tilreisande og lokalbefolkninga	Betre offentleg beredskap og servicetilbod for «blålysetatene».
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • Identifisere og prioritere utvikling av ruteutfordringar og rutekoplingar • Sikre større vekt på reiseliv i RTP og anbodskriteria for offentleg og kommersiell rutedrift • Etablere incentiv og krav for miljø- vennlege løysingar og universell design, og legge til rette for- og bidra til å utvikle gode og miljøvennlege mobilitetsløysingar med universell utforming • C4-4: tiltak for å redusere utslepp frå transport til- og innan Sogn 	<ul style="list-style-type: none"> • Påverke til samarbeid for å sikre deling av opne data og samordning • Etablere dialog med fylkeskommunen, FN og næringa om strategi for forenkla booking felles billettering • Påverke til forbetring av digitale informasjons- og bookingløysingar 	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge og prioritere tiltak knytt til vedlikehald, brøyting, rasteplassar, rydding/ utsiktspunkt, gang/sykkelveg og informasjon og skilting • Sikre prosessar for etablering av landstraum, avfallshandtering og tenesteleveranse i hamnene knytt til cruise, rutetraffic og private fartøy • Bidra til vidareutvikling av lufthamna i Sogndal 		<ul style="list-style-type: none"> • Reiselivsomsyn inn i planverket og forvaltninga • Samordne behov mellom reiselivsomsyn, lokalsamfunna, kommunane sitt planverk og forvaltninga • Kartlegge, prioritere og utvikle utfartsområde og fellesgode som informasjonspunkt, skilting, parkering, toalett, søppelhandtering, reinhald, tømestasjonar, ladestasjonar og gjestehamner. • Tilrettelegging av natur- og kultur- område for besøk og aktivitet som vandring, sykling og kommersielle aktivitetar med vekt på berekraft og universell utforming • Avklare og etablere organisering, finansieringsmodell, eigarskap og prinsipp for arbeidet • Avklare fellesinteresser med verneområde og nasjonalpark • Fellesgodeprosjektet - etablere system for fellesgodefinansiering og besøksforvaltning av område med særskilt sårbare natur- og kulturressursar • C2-1: Gjennomføre landskapsanalyser som omtalar landskapsområda sine verdiar og bruk, og utvikle retningsliner som ivaretek og sikrar omsynet til landskapet. • C4-4 og C4-8: Kartlegge, prioritere og utvikle utfartsområde og fellesgode som informasjonspunkt, skilting, parkering, toalett, søppelhandtering, reinhald, tømestasjonar, ladestasjonar og gjestehamner. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging og plan for utvikling • D8-2: Etablere system og rutinar for å overvåke, forebygge og rapportere risiko, helsefare og kriminalitet • Utfordre Stortinget på auka midlar til beredskap i turistkommunar
Ansvar & deltakarar	Ansvar: K/VS Deltakarar: FK, N	Ansvar: VS Deltakarar: FK, K	Ansvar: VS Deltakarar: FK, K, Hamn, Avinor		Ansvar: K/VS Deltakarar: FK, FV, N	Ansvar: K Deltakarar FK, VS

2.1.4 Delstrategi - Datadriven forvaltning og utvikling

Overordna mål

Ta eigarskap til offentlege og tilgjengelege data for å få innsikt til bruk i vidare utviklings- og forvaltningsarbeid

Utfordringar

- Uoversiktleig og uavklart landskap i dag
- Krev mandat frå fleire, og nye ressursar som ikkje finst i dag
- Komplisert juridisk og praktisk

Effektmål

Betre produkt, tenester og tilrettelegging i heile regionen

Moglegheiter

- Vil endre føresetnadane for å drive god besøksforvaltning
- Ny og verdifull innsikt i kva som er utfordringane og mogelegheitene
- Ressurs som kan brukast av alle aktørar i reisemålet og lokalsamfunnet

HA 1

Kartlegge og avklare organisering og drift av datastruktur for innhenting av kundedata

Resultat Etablert struktur og organisering for dataeigarskap delingsstruktur

Tiltaksområde

- Avklare roller og ansvar opp mot kommunane, næringa og andre dataeigarar
- Definere tydelege mål og rammer for arbeidet
- Følgje opp og sette i verk anbefalingane frå punkta over
- Bruke data til å utvikle besøksforvaltning, produkt og tenester inklusiv løysingar for brukarbetaling, administrasjon av fellesgode og trafikkstyring

Ansvar & deltakarar

Ansvar: K/VS
Deltakarar: N

2.2.1 Delstrategi - Bedrifts- og aktørutvikling

Overordna mål

Målretta utviklingsprogram for utvikling av heilårlege, berekraftige aktivitetar, attraksjonar og overnatting med høg kundeopplevd kvalitet.

Utfordringar

- Kort sesong avgrensar verdiskapinga og tilgjengelegheita
- Svak økonomisk evne i næringa til å investere i langsiktig utviklingsarbeid
- Smal og lita aktivitets- og opplevingsnæring

Effektmål

- Fleire startar opp, driv og er sysselsette i reiselivsnæringa i Sogn
- Sogn er ein attraktiv bu- og besøksregion
- Tal innbyggjarar og besøkande i regionen aukar

Moglegheiter

- Aktivitetar er det viktigaste ved val av reisemål, stort unytta potensiale i Sogn
- Auka samarbeid kan gje fleire nye produkt, tenester og aktørar
- Heilårsaktivitet skapar heilårsjobbar og fleire innbyggjarar



HA 1

Samarbeid om aktivitets- og attraksjonsutvikling

HA 2

Fyrtårnsetablering

HA 3

Målretta utviklingsprogram for næringa

Resultat	Sogn er den sterkaste samarbeidsklynga innan reiseliv i Norge	Auka heilårleg omsetnad i heile Sogn	Auka kompetanse og innovasjonsevne i alle bransjar
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> Etablere partnarship om HUB-samarbeid, produktutvikling, pakking og sal Initiere breitt forankra nettverks- og/eller ARENA-prosjekt innan prioriterte tema 	<ul style="list-style-type: none"> Utvikle minst ein drivar per stad i Sogn per sesong 	<ul style="list-style-type: none"> Etablere målretta utviklingsprogram for næringa
Ansvar & deltakarar	Ansvar: VS Deltakarar: N, K, FV	Ansvar: VS Deltakarar: N, K, FV	Ansvar: K/VS Deltakarar: N

HA 4

Akkvisisjon

HA 5

Jobbqualitet for tilsette

HA 6

Universell utforming

Få inn nye tilbydarar mot nye segment	Destinasjonsleiinga arbeider for gode arbeidsforhold for tilsette i reiselivsnæringa	Destinasjonsleiinga arbeider for at reiselivsnæringa legg tilrette for menneske med nedsett bevegeligheit og særskilte behov
<ul style="list-style-type: none"> Kartlegging og oppsøkande verksemd Kopling mellom aktørar Etablere gode rammehøve for etablering 	<p>D7-1 til 7-3:</p> <ul style="list-style-type: none"> Etablere og måle kompetansehevande og motiverande tiltak Måle del tilsette i reiselivet av totalt tal tilsette på reisemålet Tiltak for å auke talet på heilårlege arbeidsplassar Måle talet bedrifter med HMS-plan, skaderegistreringar og medarbeideroppfølging 	<p>D8-3:</p> <ul style="list-style-type: none"> Informere næringa om om «Dei 7 prinsippa for universellutforming» og NS 11036 Universell Utforming – Tilgjengelige reiselivsopplevelser Måle del av reiselivsbedriftane som er tilrettelagt for brukargrupper med særskilt behov Informere om tilgjengelegheit og tilrettelegging for menneske med særskilte behov
Ansvar: K Deltakarar: VS	Ansvar: VS Deltakarar: N, K, FV	Ansvar: VS Deltakarar: N, K, FV

2.2.2 Delstrategi - Mat og drikke

Overordna mål

Sette i system og løfte opp eit samanhengande arbeid med mat- og drikke regionen Sogn.

Utfordringar

- Krev stor utstrekning av samarbeid mellom aktørar som ikkje jobbar saman i dag
- Det må investerast store ressursar i utviklingsarbeid
- Bryt med eksisterande strukturar for produsent og servering

Effektmål

Sogn er kjent som ein av dei fremste mat- og drikke regionane i Skandinavia, med ein samanhengande struktur frå produsent til servering

Mål og måling ut frå C1-3 i Standard for berekraftige reisemål 2 Mål og måling ut frå C1-3 i Standard for berekraftige reisemål²

Moglegheiter

- Har produksjon av alt som skal til for å skape ein komplett mat- og drikke region
- Ny infrastruktur og utvida samarbeid på plass siste åra
- Stor verdi som del av merkevara Sogn

HA 1

Produsentsamarbeid

HA 2

Foredling og produktutvikling

HA 3

Distribusjon

HA 4

Felles merkevare og profil

	HA 1	HA 2	HA 3	HA 4
Resultat	Mobilisere til nye lokale verdikjeder	Aktørutvikling og kopling mellom produsent og reiseliv	Gode distribusjonsløyningar for lokalmat	Tydeleg lokalmatprofil for Sogn
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere samarbeidsfora • Temasamlingar og studieturar 	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging • Bistand til utvikling av forretningsmodellar 	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere distribusjonsløyningar for lokalmat 	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle og forvalte samla lokalmat profil for Sogn
Ansvar & deltakarar	Ansvar: K/VS Deltakarar: N	Ansvar: K/VS Deltakarar: N	Ansvar: K/VS Deltakarar: N	Ansvar: VS Deltakarar: N, K

² Andel av serveringsbedrifter som tilbyr minimum 25% lokalt og regionalt produsert mat og/eller drikke, 2. Andel av serveringsbedrifter som tilbyr minimum 25% retter og/eller drikke med lokal og regional tilhørighet, 3. Antall virksomheter som produserer lokal og regional mat og/eller drikke, 4. Antall virksomheter med kvalitetsmerking for lokal mat/drikke

2.3.1 Delstrategi - Forvalte statusen som berekraftig reisemål

Overordna mål

Sogn er føregangsregion i landet på utvikling av eit berekraftig reisemål, og har sikra god forankring og deltaking på tvers av sektorane med 50% reduksjon av regionale klimautslepp innan 2030 og natur- og reiselivsopplevingane skal utviklast med bakgrunn i kompetansen om tåleevna for natur, kultur og lokalsamfunna.

Utfordringar

- Utydelege føringar for kva som skal til for å bli berekraftig
- Ulike syn på kva som er berekraftig og i kva grad det er viktig
- Krevjande å forankre og informere om berekraftsarbeidet

Effektmål

- Aktørane i Sogn er i leiinga i bruk av ny miljøvenleg teknologi
- Tydeleg medvit rundt berekraft i alle delar av samfunnet i Sogn
- Sogn er nasjonalt og internasjonalt anerkjent som berekraftig reisemål med tydeleg fokus og profil knytt til berekraft og kvalitet

Moglegheiter

- Bygge Sogn si truverd som berekraftig reisemål og ta ein leiande posisjon hjå besøkande som er opptekne av miljø, berekraft og kvalitet
- Sogn har gode føresetnadar for å vere berekraftig med utgangspunkt i rein energi og levande fjordbygder
- Tydeleg berekraftsarbeid vil auke attraksjonskrafta til nye og eksisterande aktørar og heve kvaliteten på alle delar av produkt- og tenesteporteføljen



HA 1

Miljøsertifisering og miljøpolicy

HA 2

Kommunisere berekraft og samfunnsansvar

HA 3

Vektlegge berekraftige marknader og målgruppe

Resultat	Alle reiselivsbedriftene, arrangementa og kommunane er sertifiserte og/eller har utvikla ein miljøpolicy og reisemålet har ein handlingsplan for berekraftig reiselivsutvikling	Sogn er kjent som ein av dei mest berekraftige reisemåla i Noreg	Lenger opphaldstid og auka del kortreiste besøkande
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • Stille krav til miljøsertifisering for bedrifter som skal ta del i fellesskapet i Sogn • Legge til rette for delingsforum og informasjon, etablere mobiliseringsmøter, felles kurs og utvikle rettleiarar • B4 og C4-1: sertifisering og haldningsarbeid i kommunane • B2: lage og fordmidle handlingsplan for berekraftig reiselivsutvikling • C4-12: identifisering av utfordringar og moglegheiter knytt til klimaendringar, og etablering av klimatilpasningsstrategiar • D5-1 og 5-2: etablere etiske retningslinjer for reisemålet, og lære opp reiselivsbedriftene, besøkande og lokalbefolkninga i samfunnsansvar 	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere retningslinjer for PR og informasjonsarbeid • Mobilisere til felles innsats i næringa og kommunane 	<ul style="list-style-type: none"> • Vektlegge produktutvikling og marknadssatsing retta mot Europa og Norge med produkt og kommunikasjon som gir lenger opphaldstid. • Marknadsstrategi, informasjonsløysingar og vertskapsopplæring som bidreg til lenger opphaldstid

Ansvar & deltakarar	Ansvar: VS Deltakarar: N, K	Ansvar: VS Deltakarar: N, K	Ansvar: VS Deltakarar: N
--------------------------------	--------------------------------	--------------------------------	-----------------------------

HA 4

Involvere lokalsamfunna

HA 5

Måle transport til- og innan reisemålet

HA 6

Utsleppsreduksjon

Resultat	Involvere lokalbefolkninga og gjestene og styrke omdømme.	Oversikt over type transport og utslepp til- og innan Sogn	Rutiner og tiltak som bidreg til reduserte utslepp, energiforbruk og avfall
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • D6-1: Etablere rutinar for undersøkingar av gjestetilfredsheit, og innbyggjarane og eigarar av fritidsbustader sine haldningar til reiselivsutviklinga • Etablere fysiske og digitale møteplassar for dialog og informasjon • Etablere ambassadørprogram for lokalbefolkninga 	<ul style="list-style-type: none"> • C4-2 og 4-3: etablere rutinar for måling og rapportering av transporttype og etsimat av utslepp frå transport. 	<ul style="list-style-type: none"> • C4-5 til 4-10: Måling av kWt per gjestedøgn, auke andel fornybar energi, vatnforbruk, og antal bedrifter som har gjort energibesparande tiltak, redusert lys- og støyforureining, vatnredukerande tiltak, resirkulering og kildesortering av avfall og energibruk per år frå fornybar energi
Ansvar & deltakarar	Ansvar: VS/K Deltakarar: N	Ansvar: VS/K	Ansvar: VS/K Deltakarar: N

2.3.2 Delstrategi - Teknologi og digitalisering

Overordna mål

Ta tidleg i bruk ny teknologi som er nyttig for reisemålet, reiselivsnæringa og lokalsamfunna

Utfordringar

- Innovasjonsarbeid krev vilje, evne og prioritering for å lukkast
- Eksisterande strukturar og arbeidsformer vil bli utfordra og skape motstand
- Reiselivet er i stor grad bygd på tradisjonelle forretningsmodellar, medan digitaliseringsmogelegheitene krev nye

Effektmål

- Sikre god datakvalitet som ressurs for forvaltnings- og utviklingsarbeidet
- Meir effektiv drift og utvikling av reiselivet i regionen
- Høgare innovasjonsgrad i næringa og det offentlege

Moglegheiter

- Sterke teknologimiljø i Sogn både i offentleg, privat og akademisk sektor
- Neste generasjons kundar er her alt, framleis råd å tene på å vere tidleg ute
- Stor unytta potensiale for effektivisering og forsterking av eksisterande produkt og tenester

HA 1

Digitale opplevingar

HA 2

Digital infrastruktur

Resultat	Fremst i bruk av digital opplevingsutvikling	Sjå delstrategi 2.1.4 Datadriven forvaltning og utvikling
Tiltaksområde	• Etablere satsing på digital opplevingsutvikling med kurs, opplæring og fasilitering	• Utvikle sterke fagmiljø i skjeringspunktet mellom teknologi og reiseliv
Ansvar & deltakarar	Ansvar: K/VS Deltakarar: N	Ansvar: K/VS Deltakarar: N

2.3.3 Delstrategi - Kompetanse

Overordna mål

Drive kontinuerleg kompetanseheving for aktørane i reiselivet, og ha referansebedrifter i alle relevante bransjer.

Utfordringar

- Lite samordna kompetanseutviklingsarbeid i regionen i dag
- Lite samhandling mellom næringa, kompetansemiljøa og utdanningsinstitusjonane
- Mangel på standardar og krav gjer det krevjande å måle status og utvikling

Effekt mål

- Sogn har det fremste reiselivsfaglege miljøet i landet
- Aktørane i Sogn set dagsorden for kompetanseutviklinga innanfor fagfeltet
- Produkta og tenestene gir betre kundeopplevingar

Moglegheiter

- Betre kompetanse gjev betre føresetnadar for å lukkast med vidare utviklings- og marknadsføringsarbeid
- Kompetanseutvikling hevar status for reiselivsyrika, som aukar attraktiviteten til arbeidsgjevarane i konkurransen om dei flinkaste folka
- Tette og sterke fagmiljø knytt til utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø som kan levere fagleg innhald

HA 1

Opplæring

HA 1 Opplæring	HA 2 Utvikle standardar	HA 3 Rekruttering	HA 4 Kunnskapsutvikling	
Resultat	Eit av dei fremste kunnskapssystema i landet innan formidling, reiselivs- og reisemålsutvikling.	Eit av dei fremste systema og standardane i Norge for utvikling og kvalitetssikring av reiselivsnæringa	Auka rekrutteringa til næringa	Etablere faktagrunnlag for kunnskapsbasert utvikling av reiselivet
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none"> • D6-2: Utvikle eigne og bruke eksisterande opplæringsystem • Auka kunnskap om natur- og kultur i reiselivsnæringa 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke etablerte og utarbeide eigne standardar og retningslinjer for t.d. produktutvikling, berekraft, marknadsførings-/salsarbeid og vertskapsrolla • Etablere rutinar for kvalitetssikring via Varde opplevingskvalitet og eigne/andre ordningar • Sette krav til næringa om miljø- og kvalitetssertifisering for deltaking i felles marknadsarbeid og prosjekt 	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere program for samarbeid og rekruttering • Bidra til internasjonalt mangfald og integrering av nye innbyggjarar og arbeidstakarar • Bidra til at reiseliv vert opplevd som ein meir attraktiv karriereveg for unge fastbuande og tilflyttarar 	<ul style="list-style-type: none"> • D8-1, E9-3 og E10-1: Verdiskapings- og berekraftundersøkingar kvart 3. - 4. år, inklusiv gjesteundersøkingar, bransjeundersøkingar og lokalbefolkningsundersøkingar • Kontinuerleg vurdere og etablere relevante FoU-prosjekt
Ansvar & deltakarar	Ansvar: K/VS Deltakarar: N, FK	Ansvar: VS Deltakarar: N, K	Ansvar: K Deltakarar: N, FK, VS	Ansvar: VS/K Deltakarar: N

2.3.4 Delstrategi - Organisering, samarbeid og påverknad

<p>Overordna mål</p> <p>Reiselivet i Sogn er med å sette nasjonal dagsorden på reiselivsutvikling gjennom sterkt regionalt samarbeid, nyttig forskings- og utviklingsaktivitet og strategisk politisk verksemd</p>	<p>Effekt mål</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktørane tek i bruk dei verkemidla som er tilgjengelege i utviklingsarbeidet • Sogn får status som referanseregion på godt utviklingsarbeid i koplinga mellom reiseliv og lokalsamfunnsutvikling • Aktørane i Sogn får status som nasjonalt klyngesamarbeid innan reiseliv og lokalsamfunnsutvikling
<p>Utfordringar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reformar og endringar nasjonalt og regionalt krev nye måtar å samhandle og organisere arbeidet på • Digitalisering utfordrar dei kjende arbeidsformene for reisemålsarbeid • Hardare regional konkurranse om status og verkemiddeltilgang 	<p>Moglegheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tydeleg retning vil sikre riktig posisjon • Tett samarbeid og tydeleg rolledeling mellom aktørane vil gje stor samla kraft – omverda er fragmentert • Sogn har ein sterk posisjon som kan nyttast opp mot nasjonale og regionale myndigheiter

	<h3>HA 1</h3> <p>Samarbeid i Sogn</p>	<h3>HA 2</h3> <p>Strategisk samarbeid med andre regionar, reisemål og kommunar</p>	<h3>HA 3</h3> <p>Politikk- og verkemiddelutforming</p>
<p>Resultat</p>	<p>Sogn har det beste støtteapparatet for å bidra til vidareutvikling og innovasjon i reiselivet</p>	<p>Sterkare regional utvikling mellom reisemåla</p>	<p>Påverke politikk- og verkemiddelutforminga regionalt, på Vestlandet og nasjonalt.</p>
<p>Tiltaksområde</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Tettare samarbeid mellom VS, næringa, næringsnettverket og kommunane • Legge til rette for fleire møteplassar, og stimulere til meir kopling og samarbeid mellom aktørar i Sogn • Auke ressursar til reiselivssatsinga og næringsutvikling • Samarbeid for å utvikle naturopplevingar som gjev små avtrykk i naturen 	<ul style="list-style-type: none"> • Konkretisere og finansiere felles tiltak, prosjektsatsingar og samarbeidsavtalar 	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i aktuelle fora, grupper og organisasjonar • Politisk engasjement inn mot kommunane, fylkeskommunen, regjeringa og Stortinget
<p>Ansvar & deltakarar</p>	<p>Ansvar: K/VS Deltakarar: N</p>	<p>Ansvar: VS/K Deltakarar: N, FK</p>	<p>Ansvar: K/V Deltakarar: FK</p>

2.3.5 Delstrategi - Marknadsføring og sal

Overordna mål

Vere i front på å ta i bruk nye metodar for merkevarebygging, marknadsføring og sal slik at Sognefjorden står fram som det mest attraktive Fjordbaserte reisemålet i Norge i prioriterte marknader og målgrupper.

Utfordringar

- Dei tradisjonelle kanalane er i sterk endring og krev nye strategiar og ny kunnskap
- Krev nye system, arbeidsformer og målretta og samordna satsing på å utvikle sterke miljø lokalt og regionalt
- Alle aktørane vil i større grad måtte handtere raskare endring enn kva som har vore vanleg tidlegare

Effektmål

Auka verdiskaping frå berekraftige marknader og målgrupper heile året som respekterer og bidreg til å ta vare på natur- og kulturverdiane våre, og formidlinga av reisemålet bidreg til å auke bu- og arbeidsattraktiviteten til regionen.

Moglegheiter

- Digitale kanalar opnar for ein anna kommunikasjon med kundane som er betre tilpassa små reisemål og lokalsamfunn enn dei tradisjonelle
- Digitale verktøy kan lett handtere fleire aktørar samtidig med rasjonaliseringspotensiale i å løyse meir av dette saman
- Visit Sognefjord har ein sterk posisjon som bør forsterkast og vidareutviklast



HA 1

Merkevara Sogn

HA 2

Segmentering og marknadstøtte

HA 3

Innhaldsbase for Sogn

HA 4

Digitale marknadstrategiar

HA 5

Målretta marknadføring og sal

Resultat	Sogn har ein tydeleg posisjon i dei ønska marknadane, og er meir attraktivt som besøks- og buområde.	Utvikle verktøykasse for marknadskunnskap og tenesteleveranse til reiselivsnæringa for produktutvikling, marknadføring og salsarbeidet	Open, digital innhaldsdatabase for Sogn	Utvikle den mest komplette digitale distribusjonen i Norge	Sogn er det fremste distriktsreisemålet i Fjord Norge for tilreisande, MICE-kundar og bransjeaktørar.
Tiltaksområde	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle og forvalte profil og merkevarestrategi for Sogn som reisemål og region• Utvikle "Tone of voice" for marknadføring og historieforteljing av Sogn som reisemål• Bygge og dele innhald til merkevara, og bruke merkevara aktivt i målretta kampanjearbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samle og formidle marknadskunnskap• Etablere og vidareutvikle personaskartotek for Sogn som reisemål• Avklare innhald og omfang i tenesteleveransen til reiselivsnæringa	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle felles innhaldsdatabase for heile Sogn med bilde, film, tekst og presentasjonar.	<ul style="list-style-type: none">• Lage digital marknadstrategi for VS• Etablere felles sals- og booking løysing med strategi for OTA-styring• Etablere rutinar og system for innhenting og deling av kundedata• Etablere system for digital turistinformasjon	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle toårige marknadplanar for forbrukar- og bransjemarknaden mot prioriterte målgrupper innan B2C, B2B, cruise og MICE.• Bidra til regional tilrettelegging for cruise med låge utslepp, høg lokal verdiskaping og lang liggetid heile året• Vidareføring av MICE365-prosjektet med felles nettverksbygging, marknadførings-, sals- og DMC-samarbeid
Ansvar & deltakarar	Ansvar: VS/K Deltakarar: N	Ansvar: VS Deltakarar: N, K	Ansvar: VS Deltakarar: N, K	Ansvar: VS Deltakarar: N, K	Ansvar: VS Deltakarar: N



Del 3

Handlingsprogram

Handlingsprogrammet skal ta planen frå ord til handling. Her vil ein bryte opp delstrategiane, og prioritere kva som skal jobbast med først, av kven og på kva måte. Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i hovudaktivitetane og tiltakspunkta som ligg under kvar delstrategi. Programmet vil bli lagt fram for dei aktørane som har ansvar for gjennomføring for godkjenning.

Programmet vil då fungere som ei bestilling for handlingsplanar for kvart enkelt tema som skal jobbast med. Eit slikt regionalt handlingsprogram med fleire deltakarar er ein ny måte å jobbe på. Det vil krevje eit solid og gjennomarbeidd avklaringsarbeid, der roller og ansvar vert tydeleg fordelt, og godt forankra. Dette er ein føresetnad for at reisemålet Sogn skal lukkast med utviklingsarbeidet.

Sognefjorden

EG ER STOR OG MEKTIG, STØRST I MITT SLAG I VERDA.
DU SKAL RESPEKTERE MEG, FOR DU VIL IKKJE HA KREFTENE MINE MOT DEG.
EG BLIR SJUK AV UTSLEPPA DINE. EG VIL AT RYDDAR OPP ETTER DEG.
TEK VARE PÅ MEG.
GJER DU DET, TEK EG GODT VARE PÅ DEG.

EG GJEV DEG TRYGG FERDSLSVEG, MEN SYT FOR AT DU HAR NOK PLESS TIL Å FÅ FRED OG RO.
EG SKJERMAR DEG FOR DENVERSTE VINDEN OG REGNET, OG HELD DEG MED DET DU TRENG.

MINE FOLK HAR HATT RAMMENE FOR EIT GODT LIV SIDAN BREEN TREKTE SEG OPPATT I FJELLET OG DALANE.
DEI HAR VORE SNARE I SNUEN OG LITT GALNE HEILT SIDAN VIKINGTIDA. DET ER DEI FOR DET MESTE ENDÅ.
OG DEI NYTTAR MEG FULLT UT.
DEI GÅR PÅ TOPPANE MINE, VINTER OG SOMMAR. DEI PUSTAR MEG INN, KJENNER SMAKANE OG FØLER MEG PÅ KROPPEN.
DEI PADLAR PÅ MEG, KØYRER PÅ MEG OG SIT STILLE OG SER PÅ MEG GJENNOM FLAMMANE AV EIT BÅL.
DEI TEK VARE PÅ ARVA SI. DEI SPELAR OG SYNG, FEIRAR OG KONKURRERER.
DEI SKAPAR LØYSINGANE SOM VERDA TRENG I FRAMTIDA.
DEI LEVE FJORDLIVET.

MINE FOLK ER VERDSMEISTRAR I Å NYTE. LANGE SOMMARDAGAR. LANGE NEDFARTAR. UTSIKT. FJORDLYS.
MAT OG DRIKKE. SAMHALD.
NYE OG GAMLE VENNSKAP. INNSIKT. SKIKKAR OG TRADISJONAR. GALSKAP. OG DEI ELSKAR Å DELE DET.

Eg er fjordlivet - eg er Sognefjorden.

